



Skribentane frå Uskedalen i årets Kvinnhersminne. F.v: Audun Eik, Solveig Haugland og Bjørgulv Eik.

Frå det fyrste Kvinnhesminne i 1982 til no har det kome ut 19 lokale sogeskrift i regi av Kvinnherad Sogelag. Skriftstyret med Lars Jostein Rørvik som redaktør har medvitne halde på same format og bokbunad. Kvinnhersminne kjem ut 2. kvart år, nokre gonger som temahefte, andre gonger utan den raude tråden. Nytt med hefte i år er at ungdomen slepp til. Solveig Haugland (20 år) har delt ei oppgåve ho skreiv frå utdanninga si, med tittelen Korleis vart kvardagslivet i Uskedalen prega av andre verdskrigen.

I innleiinga si til alle frammøtte på boksleppet i Gamleskulen i går sa Rørvik at tittelen på årets hefte kunne vore Frå vikingtid til vår tid, slik Hans Nerhus valde å kalla boka si om Gravdal skipsbyggeri i 1955. Om ein ser på dei 18 artiklane i boka, så spenner dei vidt, frå Skaare Skaala som skriv om Den første leidangen til Morten Nygård sin notidsartikkel frå Kjeldestøl, Nytt liv på gamal seter.

Uskedalen har fått ein sentral plass i dette sogeskriftet med heile fire artiklar frå tre bidragsytarar. I tillegg til Solveig Haugland har Audun Eik skrive om fiske med kjer i Uskedalselva. I samtale med onkel sin, Bjørgulv Eik, har han også skrive om tvangshogging av ved i krigsåra og om geitehald i 1940 åra.



[Skriftstyrar Lars Jostein Rørvik fortel om arbeidet med sogeskriftet Kvinnhersminne.](#)

Bygda Ølve er også godt representert i hefte med fire artiklar, skrivne av Eva Eide, Hans Bugge og Margaret Haugland. Mange vil lika og kjenna seg att i det Norvald Hauge fortel i samtale med Lars Jostein Rørvik om oppvekst i ei brytningstid, frå den tida aluminiumsindustrien kom til Husnes. Popgruppa The Boot Jacks dominerte dansemarkedet og var innom alle ungdomshusa i kommunen med sine låtar.



[Eva Vikane Eide fortalte levande frå oppveksten i Nerigarden i Håvikjo i Ølve.](#)

Utanom dette finne vi mellom anna interessante artiklar frå Halsnøy, Sunde og Utåker. Styret i Kvinnherad sogelag er skriftstyre. Lars Jostein Rørvik er skriftstyrar. Salikat design med Åslaug Snilstveit står for formgjeving. Bileta, som er amatørfoto, har på det jevne god kvalitet.

Kvinnhersminne nr. 19 er alt lagt ut for sal i Rosendal Bokhandel og på Libris, Husnes.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Kristian Hus



Uskedal Musikklag glede alle med festleg og fengjande korpsmusikk.